



KURS/SAMLINGAR:

Dei fleste av våre medlemmer er nokså "ferske" innafor klatresporten, og ei viktig oppgåve blir difor opplæring. I den samanhengen vil vi nevne bre/klatrekursa som Bjørn Halvorsen har i Veodalen/Svartdalen dei siste åra. Omlag halvparten av alle våre medlemmer har fått si grunnopplæring av ham. Desse kursa har og vist seg å vera ei av dei viktigaste springbretta for å havne i J.F.K.

I sommar vart medlemmene invitert til å vera fritt med på eit ukeskurs i Svartdalen, og ein del greip sjansa.

7 medlemmer har fått grundig opplæring i kameratredning i Prestberget i haust, under kyndig leining av Lars Sulheim. Seinare var dei fleste av desse med som instruktører for eit redningskurs for Lom og Skjåk hjelpekorps. Seinhaustes hadde dei same ein demonstrasjon i Jutulporten for 120 hjelpekorpsfolk i Oppland. Dette har utvilsomt vori av dei mest vellukka tiltaka våre.

Vi lyt og berømme det arbeidet Lars har gjort for å lære opp nye isklatrere dei siste to vintrane. 8-10 stk har fått si opplæring gjennom han. Vi har fleire godt egna treningsplasser (både Otta, Vågå og Lom) og mange stivfrosne klatreobjekt, både lange og stuttare. (sjå Fjelljo)

Det har og vori prøvd med fleire fellesturar/samlingar med vekslende erfaringar:

- Skitur til Nautgardstindane i mars. (9 delt.) Vellykka tur.
- Vårsamling i Griningsdalen. (2-3/5) Samlinga vart vel ikkje heilt vellykka p.g.a. at ein ikkje hadde studert området nøye nok på førehand. Dei fleste havna da også i Prestberget og Jutulporten der utbyttet vart bra. (ialt 8 deltakere)
- Tur til Innerdalen (fyrst i juni) Denne turen sjoga bort, og berre tre av medlemmene var der.
- Samling i Leirungsdalen. (sist i juni) Jan Holst m/kompiser tok eit utmerket initiativ til helgesamling i Leirungsdalen, men værgudane gjekk "amok". (sjå Fjelljo)
- Samling i Romsdalen. Fleire av våre medl. var i Romsdalen under R.K.K. samling i Vengedalen (100-årsjubileum for 2. best. av Romsdalshor) Dei gjekk alle nordveggen. (sjå Fjelljo)

Som konklusjon kan vi si at samlingane/fellesturane ikkje har vori heilt blink (m/gnntak) Dette samsvarer med erfaringer frå andre klubbar (m.a. i Romsdal) Været er her ein avgjerande faktor. Sjøl om vi skal prøve å stimulere/motivere medlemmene slik at dei dreg til fjells sjølve, så bør ein nok ha ein del slike fellesarrangement. Både for miljøet og for at mange treng eit "spark i ræva" for å koma seg ut. Årsmøte får diskutere dette.



HYTTESAKA:

Noko som står høgt på ønskelista er ei hytte i fjellet. I haust søkte vi Vågå Fjellstyre om å få disponere Vargebua v/Øvre Leirungsdalen, men med negativt svar. Vi har seinare vori i kontakt med Lom Fjellstyre ang. ei hytte i Veodalen (innafor bommen), men det står att å søkje.

Ellers har ein fått nys om ei ubrukt hytte i Sjødalen som Langmorkje Statsalmenning eig. Vi vil undersøke dette alternativet nærare og. Denne saka lyt ha høg prioritet. Det vil få mykje å seia for klubbmiljøet, og ikkje minst vil det vera kjærkomi for dei som bur litt avsides.

FJELLJO:

Etter dei reaksjonane vi har fått, tyder dette på å vera eit godt tiltak, som bør bli årvisst. Kostnaden på avisa vart minimal ettersom Jan Holst besørja trykkinga og Sport Co annonserte. Ellers får medlemmene gjera seg opp meining om avisa.

FØRAR FOR AUST-JOTUNHEIMEN:

Klubben har begynt arbeidet med å lage ein "enkel" fører for aust-Jotunheimen. Til førerkomite er valgt:

Jan Holst, Bjørn Halvorsen og Kieth Robson. (Veo, Memuru, Leirungsdal, Svartdal)

Lars Sulheim, Ola Sveine og Terje Kleiven (Ymisfjell, Heilstugut. og austover mot Smørstabbtindane.

Ein tek sikte på at noko skal koma ut alt til sommaren.

Takk for året som er omme, og vel møtt til eitt nytt. Måtte det bli fjellvær og aktivitet på brear, tinder og stup.

Jotunheimen Fjellsportklubb